

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	23.03.2021
Tid:	09:00-15:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi B. Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA
Frank Willy Djuvik	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av protokoll frå møte 17. februar 2021	2019/149	
	Referatsaker		
RS 30/21	Informasjon om klimaplanprosessen - hovudutvala	2021/2254	
RS 31/21	Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke	2021/6199	
RS 32/21	Omlagging av kollektivsystemet i Bergen 25. mai 2021	2021/6205	
RS 33/21	Orientering om rapporten Verknadar av teknologiske endringar i samferdselssektoren - for Vestland fylke	2020/76880	
RS 34/21	Integrasjon av bysyklar i Skyss sine salskanalar	2021/6469	
RS 35/21	Regional transportplan 2022-2033 - Statusrapport	2020/36671	
RS 36/21	Nasjonale ansvarsområde		
RS 36/21	Sunnfast - Søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt - Overslag ferjeavløysingmidlar	2020/48769	
RS 37/21	Notat om trafikkregulering i Drotningstveit	2019/101	
RS 38/21	Regional transportplan 2022-2033 - Løypemelding plantema finansiering	2020/36671	
RS 39/21	Søknad om Klimasatsmidlar til fylkesvegprosjekt	2021/5155	
RS 40/21	Høyringsuttale - påbod om bruk av setebelte i bussklasse 1	2021/1340	
RS 41/21	Kvalitetssikring (KS2) av revidert Bømløypa	2020/49137	
	Politiske saker		
PS 20/21	Eigarstrategi for Skyttel AS	2020/37488	
PS 21/21	Nullutsløppspilot - Prosjektorganisering av Framtidens Hurtigbåt del II	2021/2701	
PS 22/21	Pilot autonom buss i Førde	2020/73818	
PS 23/21	Klage frå Hop On AS over fylkesutvalet sitt vedtak om avslag på søknad om ruteløype	2020/36722	
PS 24/21	Pilot aldersvennlig transport i Bergen	2020/44795	
PS 25/21	Redusert produksjon for turistruter - nettokontraktar båt	2021/5289	
PS 26/21	Utlysing av driftskontrakt 4607 Sunnfjord sør - fullmakt til å inngå kontrakt	2020/45300	
PS 27/21	Utlysing av driftskontrakt 4604 Bergen - Os - Austevoll, fullmakt til å inngå kontrakt	2020/45529	
PS 28/21	Ny strategi for innfartsparkering innanfor avtaleområdet til Miljøløftet	2021/6005	
PS 29/21	Fordeling av planleggingsmidlar - Forprosjekt Roadcap fv. 49	2020/75546	
PS 30/21	Forslag til endringar i båt- og ferjenøkkelen i inntektssystemet - høyringsuttale	2021/3637	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknader.

GK 6/21 Godkjenning av protokoll frå møte 17. februar 2021

Protokoll frå møte 17. februar 2021 vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 30/21 Informasjon om klimaplanprosessen - hovudutvala

Vart referert.

RS 31/21 Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke

Vart referert.

RS 32/21 Omlegging av kollektivsystemet i Bergen 25. mai 2021

Vart referert.

RS 33/21 Orientering om rapporten Verknadar av teknologiske endringar i samferdselssektoren - for Vestland fylke

Vart referert.

RS 34/21 Integrasjon av bysyklar i Skyss sine salskanalar

Vart referert.

RS 35/21 Regional transportplan 2022-2033 - Statusrapport Nasjonale ansvarsområde

Vart referert.

RS 36/21 Sunnfast - Søknad om godkjenning som ferjeavløysingsprosjekt - Overslag ferjeavløysingmidlar

Vart referert.

RS 37/21 Notat om trafikkregulering i Drotningstveit

Vart referert.

RS 38/21 Regional transportplan 2022-2033 - Løypemelding plantema finansiering

Vart referert.

RS 39/21 Søknad om Klimasatsmidlar til fylkesvegprosjekt

Vart referert.

RS 40/21 Høyringsuttale - påbod om bruk av setebelte i bussklasse 1

Vart referert.

RS 41/21 Kvalitetssikring (KS2) av revidert Bømløypa

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 16/21 Spørsmål frå Marthe Hammer (SV) - Kollektivsatsar - nasjonale standardar

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Nasjonale standardar kollektivprisar- rabattar og aldersgrenser

I mange saker som gjeld buss og bybanepreisar så vert det vist til nasjonal praksis når det kjem til praksis på rabattar og aldersgrenser for kollektivprisar. I Spørsmål og svar arbeidsdokument 6 og 7/19 står det at det både eksisterer nokre nasjonale føringar gitt frå samferdsledepartementet, samt at ein forsøker å etterleve og etablere kundekategoriar og praksis i samsvar med etablert bransjepraksis og med sikte på nasjonal harmonisering. I arbeidsdokumentet står det at nasjonale føringar frå samferdsledepartementet gjeld minst 50% rabatt for barn honnør og militær, 40% rabatt for studentar på periodekort, og ungdomskort 16-19 år. I arbeidsdokument 8/19 som argumentasjon for å senke aldersgrensa frå 32 til 30 for studentar vert det mellom anna vist til standardisering av rabattordningar i høve nasjonal standard.

1. Kvar i samferdsledepartementet vert vedtak knytt til nasjonale føringar tatt? Ligg dette i nokre politiske dokument lagt fram for stortinget, eller vert dette vedtatt av regjeringa og den til ein kvar sittande samferdsleminister?
2. Kva/kven avgjer at noko er ein nasjonal bransjepraksis/ og eller ein nasjonal standard, og kva forum avgjer kva som vert ein nasjonal bransjepraksis/nasjonalt standard? Og kven sit i dette organet/forum?
3. Kva er prisen på å fjerne aldersgrensa for studentar på periodekort? Er det nokre kollektivselskap som har gjort det?
4. Kva erfaringar har ein med det, til dømes auke i selde studentperiodekort?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

1. Vi har prøvd å finne svaret på kvar det skjer vedtak knytt til nasjonale føringar, blant anna gjennom Kollektivtrafikkforeningen, men vi har ikkje lykkast med å få avdekt kvar i Samferdsledepartementet dette skjer. Vi har difor tatt kontakt med Samferdsledepartementet utan at vi pr no har fått svar.
2. Handbøkene for samla kollektivtrafikk skal bidra til å møte målet om saumlaus, enkel og føreseieleg reise for kundane, på tvers av fylke og transportselskap. Handbøkene er vidareføring av handbøker som tidlegare vart forvalta og utgitt av Statens vegvesen. Ansvaret for handbøkene vart overført til Jernbanedirektoratet 1. april 2017. Samferdsledepartementet har vidare gitt Jernbanedirektoratet ansvar for koordinering av felles nasjonal løysning for elektronisk billettering, som er meint å bidra til eit samanhengande transportsystem. Handbøkene vert utarbeida i samarbeid med aktørar i kollektivtrafikksektoren og vidareutvikla basert på behov og innspel frå sektoren.

Handbøkene er utarbeida på oppdrag av Samferdsledepartementet, og dei inneheld ei rekkje målsettingar definert av departementet. Handbok for elektronisk billettering inneheld nasjonale retningslinjer for kundekategoriar som til dømes barn, ungdom, student og honnør. I handbok for elektronisk billettering vert det mellom anna vist til St.mld. nr 26 (2001-2002) Bedre kollektivtransport, jf. Innst. S. nr. 228 (2001-2002), og Jernbanedirektoratet skriv følgjande i forordet til handboka:
«Jernbanedirektoratet forutsetter at gjeldende internasjonale standarder og de veiledninger som gis i Håndbok V821 Elektronisk billettering skal følges i prosjekter for elektronisk billettering slik løyvemyndighetene legger opp til, jf. Yrkestransportloven og den tilhørende Yrkestransportforskriftens §30, som utdypes i Samferdsledepartementets rundskriv N- 1/2006.».

Ut over dette vert det vist til svaret på spørsmål 1.

3. Prisen for å fjerne aldersgrensa for studentar på periodekort er vanskeleg å talfeste nøyaktig då Skyss ikkje har tilgjengelege data knytt til kor mange studentar over aldersgrensa som reiser med oss. I samband med budsjettarbeidet hausten 2019 vart det

anslått at å senke alder på periodebillett student frå 32 til 30 år ville medføre ei inntektsauke på 1-2 millionar kroner. Dette var eit grovt estimat basert på at færre årskull vil ha rett på 40% rabatt og då måtte kjøpe 30 dagars periodebillett for vaksen. Dersom den øvre aldersgrensa for student vert fjerna vil det ha motsett effekt på billettinntektene då fleire studentar kan kjøpe 30 dagars periodebillett student framfor 30 dagars periodebillett vaksen. Tal frå SSB syner at kvar fjerde student i Noreg har fylt 30 år. Om dette er tilfellet også for Vestland vil fjerning av aldersgrensa for student medføre at inntektstapet vil ha ei øvre grense på om lag 17 MNOK. Dette under føresetnad av at alle desse studentane alt hadde nytta periodebillett for vaksen. Det vil også ligge føre ein positiv etterspørseffekt av prisreduksjonen, men denne er ikkje talfesta.

4. Vi veit at andre fylke har andre aldersgrenser for student 30 dagars periodebillett enn nasjonal retningsline, men vi er ikkje kjend med at nokon har fjerna aldersgrensa heilt for studentar på periodekort.

SI 17/21 Spørsmål frå Valvatne (V) - Ekstra ferjeavgang i Austevoll

Representanten **Per Jarle Valvatne (A)** har stilt slikt spørsmål:

Austevoll er ein av dei få kommunane i landet som ikkje har alternativ til ferjetransport når det gjeld reiser ut av kommunen. Slik rutetilbodet er i dag så går siste ferje relativt tidleg på kvelden. På sambandet mellom Hufthamar og Krokeide er siste avgang frå Hufthamar kl 22.35 og frå Krokeide kl 23.20. Frå Husavik er siste avgang i vekedagane og søndag kl 20.25, laurdag kl 19.15. Frå Sandvikvåg er siste avgang i vekedagane og søndag kl 20.50, laurdag kl 19.55.

Spørsmålet mitt er då: Kva vil det koste å få til ein ekstra avgang kvar veg alle dagar?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Det er gjort overslag på kva ei slik utviding av rutetilbodet kan koste. For Krokeide-Hufthamar er utvidinga estimert å ha samla meirkostnader på omlag kr. 5 mill pr. år, og for Husavik-Sandvikvåg om lag kr. 3,5 mill pr.

Årsaka til meirkostnadene er at utviding av driftsdøgeret vil krevje ny bemanningsløyning. I tillegg får ein bruk av biodiesel i staden for elkraft, fordi batteridesign og elektrisk anlegg i utgangspunktet ikkje er dimensjonert for ein slik utvida produksjon. I tråd med sak 193/2019 i fylkesutvalet, om rutetilbodet for fylkesvegferjer i Hordaland, skal det startast opp eit samarbeidsprosjekt med operatørselskapa for å sjå på korleis ein kan optimere bruken av det eksisterande batteri- og ladeutstyret. Eit av formåla her er å sjå på fleksibilitet i endring av ruteproduksjon. Prosjektet vil bli starta opp når ein i løpet av 2021 får erfaring med fullelektrisk drift i dei nye kontraktane.

For å endeleg fastslå kostnadene og konsekvensar for auka utslepp er det nødvendig med ei grundigare utgreiing og vidare dialog med operatøren.

SI 18/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - fv55 Bru over Esefjorden (Sogndal kommune)

Ei bru over Esefjorden på fv 55 i Sogndal kommune er i økonomiplanen for perioden 2021-2024 kostnadsrekna til 771 mill 2021-kroner.

Då bru vart valt som alternativ for rassikring i 2017 (KS-sak 39/17 Balestrand kommune) var ein viktig grunn at kostnaden med bru ville verte lågare enn andre alternativ for rassikring, med rasoverbygg/tunnel og utbetring av eksisterande veg. I forprosjektet (2017) var det to brualternativ på 374 mill kroner og 384 mill kroner, medan alternativa med rasoverbygg/tunnel og gang- og sykkelveg var på mellom 354 mill kroner og 488 mill kroner.

På heimesida til fylkeskommunen (www.vlfb.no) den 2.11.20 heiter det at «grunnundersøkingar viser det seg også at å bygge bru ved den første plasseringa vil bli vesentleg dyrare enn det som er lagt til grunn i kommunedelplanen.» Det vert vidare opplyst at det no vert vurdert nye alternativ for plassering og at nye grunnundersøkingar er i gang.

Spørsmål:

Vil det bli vurdert på nytt om bru er den beste løysinga for å rassikre denne delen av fv 55, når det no vert vurdert nye brualterantiv, og det ser ut til å bli ein stor kostnadssprekk i høve til dei opprinnelege planane?

Svar frå fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren sitt utgangspunkt og grunnlag for arbeidet med rassikringsprosjektet er godkjent kommunedelplan som har bru over Esefjorden som det vedtekne alternativet.

Fylkesdirektøren arbeider no med reguleringsplan for tiltaket. Fylkesdirektøren meiner framleis at bru er det beste rassikringsalternativet for denne strekninga. Ved å velje bru vert heile den rassutsette strekninga rassikra og ein svært dårleg fylkesveg mellom Dragsvik og Balestrand vert erstatta. Fylkesdirektøren vil også peike på at kostnaden med ev. tunnelalternativ mest truleg også kan bli dyrare enn føresettt tidlegare.

SI 19/21 Spørsmål frå Merksdal (AP) - Nordrepollen og Austreponnen i Kvinnherad - ras, flom og stenginger

Linda Merkesdal har stilt følgjande spørsmål:

«20.11.20 stilte undertegnede spørsmål om Nordrepollen, og Austrepollen i Kvinnherad.

Som er en strekning som er svært utsatt for for ras, flom og stenginger.

Det ble i svaret opplyst i svaret fra administrasjonene, at det var satt en interfrist 21 februar 2021 for hvilke veilinjer som skulle bli med videre i en eventuell reguleringsplan.

Hvor står arbeidet i dag, og når ser en for seg å starte opp reguleringsarbeidet?

Har det vært dialog møte med de tre berørte kommunen sine ordførere om arbeidet, og framdrift?»

Svar:

I forprosjektrapport for fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen utarbeida av Norconsult i 2017 vart det rådd til å gå vidare med to alternativ for å avklare val av vegline. Det har vore gjennomført ei rekkje undersøkingar. Det viser seg at begge dei to veglinene er teknisk utfordrande, og det er difor også vurdert nye vegliner. Dette har gjort at arbeidet er noko forsinka i forhold til tidlegare anslått framdrift for forprosjektet.

Som del av Regional transportplan 2022-2033 vert det utarbeida eit fagleg grunnlag for skredsikring. Dette vil danne grunnlag for framtidige prioriteringar. Gjennom handlingsprogramma for Regional transportplan vil det bli teke stilling til oppstart av reguleringsplanlegging.

Kommunane Kvinnherad og Ullensvang er orienterte om at arbeidet er forseinka.

Politiske saker

PS 20/21 Eigarstrategi for Skyttel AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategi for Skyttel AS slik han føreligg, jf. vedlegg.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Utvalseiar **Jannicke Bergesen Clarke (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er varamedlem i styret til Skyttel AS. Nestleiar Marthe Hammer (SV) leia møtet ved behandling av Bergesen Clarke sin habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Bergesen Clarke var habil til å ta del i saksbehandlinga.

Trym Aafløy (FNB) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Skyttel AS. Utvalet vedtok samrøystes at Aafløy var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet vil påpeike at det er uaktuelt for Vestland fylkeskommune å hente ut utbytte av selskapet, og ber eigarrepresentantane følge dette opp ovanfor generalforsamlinga i Skyttel.»

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.
Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategi for Skyttel AS slik han føreligg, jf. vedlegg.

PS 21/21 Nullutsleppspilot - Prosjektorganisering av Framtidas Hurtigbåt del II

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og gir fylkesrådmannen mandat til å halde fram med vidare samarbeid med dei andre fylkeskommunane knytt til «Fremtidens hurtigbåt del II».
2. Fylkesutvalet vedtek å signere samarbeidsavtala «Utviklingsløp for Fremtidens hurtigbåt del II» med tilhøyrande vedlegg, og formaliserer med dette eit samarbeid som i tilsagnsbrevet frå Klimasats også er sett som ein føresetnad for økonomisk støtte.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å leggja fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransgrunnlaget i juni.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei sak om mogleg felles eigarskap for pilotmateriell og plan for og finansiering av bygg og pilotering av framtidas hurtigbåt innan utgangen av 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Til punkt 6 i samarbeidsavtalen: Vestland fylke vil bygge ein nullutsleppspilot som etter pilot-/demonstrasjonsperioden kan gå inn i permanent drift i sambandet Florø-Måløy-Selje med lågast mogleg klimautslepp og kort reisetid. Ambisjonen er å få til ein pilot som vil sette næringslivet og det offentlege i stand til framtidig omlegging til nullutslepp på alle hurtigbåtar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og gir fylkesrådmannen mandat til å halde fram med vidare samarbeid med dei andre fylkeskommunane knytt til «Fremtidens hurtigbåt del II».
2. Fylkesutvalet vedtek å signere samarbeidsavtala «Utviklingsløp for Fremtidens hurtigbåt del II» med tilhøyrande vedlegg, og formaliserer med dette eit samarbeid som i tilsagnsbrevet frå Klimasats også er sett som ein føresetnad for økonomisk støtte.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å leggja fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransegrunnlaget i juni.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei sak om mogleg felles eigarskap for pilotmateriell og plan for og finansiering av bygg og pilotering av framtidens hurtigbåt innan utgangen av 2021.
5. Til punkt 6 i samarbeidsavtalen: Vestland fylke vil bygge ein nullutsleppspilot som etter pilot-/demonstrasjonsperioden kan gå inn i permanent drift i sambandet Florø-Måløy-Selje med lågast mogleg klimautslepp og kort reisetid. Ambisjonen er å få til ein pilot som vil sette næringslivet og det offentlege i stand til framtidig omlegging til nullutslepp på alle hurtigbåtar.

PS 22/21 Pilot autonom buss i Førde

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot autonom buss i Førde. Kostnader til gjennomføring av pilot vil bli dekkja innanfor budsjettet til løyvingsnivå buss 2021 sitt budsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot autonom buss i Førde. Kostnader til gjennomføring av pilot vil bli dekkja innanfor budsjettet til løyvingsnivå buss 2021 sitt budsjett.

PS 23/21 Klage frå Hop On AS over fylkesutvalet sitt vedtak om avslag på søknad om ruteløyve

Forslag til innstilling.

Klage av 27.11.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, representert av Advokatfirma Lønnum AS, over einskildvedtak gjort av fylkesutvalet i møte 29.10.20 om avslag på søknad frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum, vert ikkje teke til følgje.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet tek klagen frå Hop On AS til følgje, og er positive til å innvilge ruteløyve for Bergen sentrum.»

Avrøysting

Djuvik sitt forslag fekk 5 røyster (Frp og H) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Klage av 27.11.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, representert av Advokatfirma Lønnum AS, over einskildvedtak gjort av fylkesutvalet i møte 29.10.20 om avslag på søknad frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum, vert ikkje teke til følgje.

PS 24/21 Pilot aldersvennlig transport i Bergen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggast til rette for eldre.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggast til rette for eldre.

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.

PS 25/21 Redusert produksjon for turistruter - nettokontraktar båt

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon for Turistrute Hardanger frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand. Fylkesutvalet godkjenner at ruta vert drifta av fartøy med 112 pax, men Norled lyt setje inn båt tilsvarende kontraktskravet på 180 pax, dersom passasjermengd tilseier eit slikt behov.

2. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon av ruta Bergen-Flåm frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand.

3. Vederlaget til Norled skal reduserast med utgangspunkt i bortfall av budsjetterte variable kostnadar i kontrakt.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon for Turistrute Hardanger frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand. Fylkesutvalet godkjenner at ruta vert drifta av fartøy med 112 pax, men Norled lyt setje inn båt tilsvarende kontraktskravet på 180 pax, dersom passasjermengd tilseier eit slikt behov.

2. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon av ruta Bergen-Flåm frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand.

3. Vederlaget til Norled skal reduserast med utgangspunkt i bortfall av budsjetterte variable kostnadar i kontrakt.

PS 26/21 Utlysing av driftskontrakt 4607 Sunnfjord sør - fullmakt til å inngå kontrakt

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får løyve til å inngå kontrakt med Veidekke Industri AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 383 801 487.
2. Kontrakten vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år. Dette vil bli innarbeidd i dei årlege budsjetta.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen får løyve til å inngå kontrakt med Veidekke Industri AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 383 801 487.
2. Kontrakten vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år. Dette vil bli innarbeidd i dei årlege budsjetta.

PS 27/21 Utlysing av driftskontrakt 4604 Bergen - Os - Austevoll, fullmakt til å inngå kontrakt

Forslag til innstilling

Fylkesrådmannen får løyve til å inngå kontrakt med Presis vegdrift AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 462 424 564.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen får løyve til å inngå kontrakt med Presis vegdrift AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 462 424 564.

PS 28/21 Ny strategi for innfartsparkering innanfor avtaleområdet til Miljøløftet

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til arbeidet som er gjort så langt med det strategiske styringsdokumentet for innfartsparkering.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til at den nye strategien erstattar gjeldande strategi for innfartsparkering frå 2015, *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.

Saksprotokoll i Hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Vestland fylkeskommune vil ikkje innføre brukarbetaling på innfartsparkering, og hovudutval for samferdsel og mobilitet føreset difor at vurdering av brukarbetaling ikkje vert ein del av det vidare arbeidet.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Djuvik sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og UA) og fall.

Vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til arbeidet som er gjort så langt med det strategiske styringsdokumentet for innfartsparkering.

2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til at den nye strategien erstattar gjeldande strategi for innfartsparkering frå 2015, *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.

PS 29/21 Fordeling av planleggingsmidlar - Forprosjekt Roadcap fv. 49

Forslag til vedtak

Det vert løyvd 1 mill. kr til forprosjekt Roadcap fv. 49 innanfor løyvinga til planprogram på investeringsbudsjettet i 2021

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det vert løyvd 1 mill. kr til forprosjekt Roadcap fv. 49 innanfor løyvinga til planprogram på investeringsbudsjettet i 2021.

PS 30/21 Forslag til endringar i båt- og ferjenøkkelen i inntektssystemet – høyringsuttale

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget til ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje, der kriteriet for båtar vert delt likt mellom lengde kystlinje og normerte båtkostnader.
2. Vestland fylkeskommune meiner oppdatering av kriteriet bør skje så snart nye data er tilgjengelege, dvs. etter alternativ 1 i høyringsnotatet.
3. Vestland fylkeskommune meiner kravet om heilårsdrift skal praktiserast slik at ruter kan innstillast i fellesferien.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Vestland fylkeskommune meiner kutt i klimagassutslepp og kostnadar til omstilling til miljøvennleg ferje- og hurtigbåtar er ein vesentleg kostnadsdrivar innan båt og ferjetrafikken. Det må vurderast korleis fylka skal få kompensert desse kostnadane, enten det kan gjerast gjennom ei vektlegging i ferje/hurtigbåt-nøkkelen, eller som ei anna føreseieleg kompensasjonsordning.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget til ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje, der kriteriet for båtar vert delt likt mellom lengde kystlinje og normerte båtkostnader.

2. Vestland fylkeskommune meiner oppdatering av kriteriet bør skje så snart nye data er tilgjengelege, dvs. etter alternativ 1 i høyringsnotatet.
3. Vestland fylkeskommune meiner kravet om heilårsdrift skal praktiserast slik at ruter kan innstillast i fellesferien.
4. Vestland fylkeskommune meiner kutt i klimagassutslepp og kostnadar til omstilling til miljøvennleg ferje- og hurtigbåtar er ein vesentleg kostnadsdrivar innan båt og ferjetrafikken. Det må vurderast korleis fylka skal få kompensert desse kostnadane, enten det kan gjerast gjennom ei vektlegging i ferje/hurtigbåt-nøkkelen, eller som ei anna føreseieleg kompensasjonsordning.